



## Skulereglar for Sula ungdomsskule

### Formål

Skulereglane skal bidra til å fremje helse, trivsel og læringsutbytte for alle elevar og bidra til at Sula ungdomsskule blir aktiv og inkluderande. Skulereglane skal legge grunnlaget for at elevane viser respekt og tek eit medansvar for eit trygt og godt læringsmiljø. Vidare skal skulereglane sørge for at vi tek vare på både private eigendelar og skulen sine eigendelar og eigedom, [jf. § 10-7 i Opplæringslova](#) og [Sula kommune si forskrift til skulereglar](#).

Skulen er ikkje ansvarleg for verdisaker som eleven tek med på skulen. Ved skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr, kan eleven eller føresette bli erstatningsansvarlege, jf. §11 i forskrift.

Skulereglane gjeld i alle skulen sine aktivitetar og på veg til og frå skulen, jf. §2 i Sula kommune si forskrift til skulereglar.

Omsynet til eleven sitt beste skal ligge til grunn i alle saker. Skulen skal ivareta eleven sin rett til å bli høyrd, slik at eleven si meining og medverknad er sentral. Alle som arbeider på skulen skal følgje med på skulemiljøet og har aktivitetsplikt for å sikre skulemiljøet, jf. §3 og §5 i kommunen si forskrift.

### Reglar for åtfærd

Vi forventer at du som elev:

- ✓ Viser omsyn og respekt for medelevar, tilsette ved skulen og andre du møter i skulesamanheng. Du møter alle med venlegheit og høfleg framferd, inkluderer andre og bidrar til å skape eit godt læringsmiljø for medelevar.
- ✓ Rettar deg etter beskjedar frå skulen sine tilsette.
- ✓ Praktiserer nettvett og digital dømmekraft.
- ✓ Viser respekt for skuleutstyr og andre sin eigedom.
- ✓ Tar aktivt del i opplæringa.

Åtfærd som **ikkje** er akseptert:

- ✓ Utsette andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging, vald eller trugslar om vald.
- ✓ Uroe andre i undervisningssituasjonar.
- ✓ Jukse ved prøver eller i anna skulearbeid.
- ✓ Ta med, bruke eller selje snus, tobakk, e-sigarett eller andre rusmidlar på skulen.
- ✓ Ta med eller bruke gjenstandar som kan nyttast til å skade personar, bygningar eller inventar.
- ✓ Forlate skuleområdet og/eller undervisninga utan lov.
- ✓ Bruke klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet i opplæringssituasjonar, jf. Opplæringslova § 27-2.



## Reglar for orden

Vi forventar at du som elev:

- ✓ Møter i tide og på rett stad til undervisning og til avtalar.
- ✓ Gjer oppgåvene du får og leverer arbeid til rett tid.
- ✓ Har med utstyr du treng og har orden på skulesakene dine.
- ✓ Bidrar til å halde skulen sitt område både inne og ute ryddig og reint.  
Du held det fint og ryddig rundt eigen arbeidsplass og ryddar opp etter deg når du forlèt eit område.
- ✓ Leverer inn mobil ved starten av dagen. Smartklokker leverast inn når det vert gitt beskjed om dette. Utstyret blir levert ut ved skuledagens slutt.
- ✓ Nyttar toalett og garderober til sitt formål, dette er ikkje opphaldsareal.
- ✓ Er roleg inne på skulen.  
I friminutta oppheld du deg anten ute, i fellesarealet eller på **eige** trinnareal.\*
- ✓ Legg yttertøy og utesko i eige skap i garderoben.
- ✓ Ikkje tek med godteri (definert som alle typar sukkertøy, is, brus, energidrikk, potetgull og liknande) inn på skulen.

## Sanksjonar

Skulereglane legg grunnlaget for vurderinga i orden og åtferd. Gjenteke brot på skulereglane kan føre til at eleven får nedsett karakter i orden og/eller åtferd. Einskildhendingar kan i særskilde alvorlege tilfelle også føre til nedsett karakter.

Skulen har fleire ulike sanksjonar som kan nyttast ved brot på skulereglane: Tilsnakk, merknad, endre friminutt med omsyn til tidspunkt og lengde, dra inn gjenstandar som er ulovleg eller som uroar, melding heim, gjensitting, parade og bortvising frå undervisning i inntil tre dagar, [jf. § 10-7 i Opplæringslova](#) og [Sula kommune si forskrift til skulereglar](#).

Kva for sanksjonar som vert nytta vil avhenge av alvorsgrada i situasjonen.

\* I følge skulereglane er det ingen rett å kunne vere inne i friminutta, men elevrådet kan sette opp ei innekontrakt saman med rektor. Brot på denne vil kunne føre til at ordninga vert avslutta.